

Utviklingsavdelinga

Det kongelige landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr: 2008 216	Deknr: 236
Mottatt: 23 MAI 2008 ASR/SED	
Saksbehandler: IAA	Arkiv: 479
Kontor:	Avskrift:



ÅL KOMMUNE
Torget 1, 3570 ÅL

Arkivkode
V60 &13

Vår ref.
08/286 - Nerol

Dykkar ref.

Dato
19.05.2008

MELDING OM VEDTAK - HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA, JORDLOVA OG FØRESEGNER OM BU OG DRIVEPLIKT M.M.

Frå møte i Kommunestyret den 15.05.2008, saksnr 41/08.
Nedanfor følger utskrift av vedtaket:

Vedtak:

Ål kommunestyre gir følgjande uttale til Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:

- Ål kommunestyre støttar forslaget om at føresegnene om buplikt etter odelslova i hovudsak flyttast til konsesjonslova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.

Ål kommunestyre meiner at buplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog og konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensene settast og til 20 daa dyrka mark og 200 daa produktiv skog for odelsjord.

Arealgrensa for konsesjonsfri overtaking bør ikkje aukast ytterlegare, då bruk under denne arealgrensa samla sett utgjør store areal. Ei ytterlegare auke av arealgrensene vil avgrense omsetninga og tilgjenge av tilleggsareal. Det landbrukspolitiske målet om bruksrasjonalisering forutset at mindre landbruksareal vert overdrege til aktive bruk.

Forslaget om at kravet til odlingsjord vert likelydande kravet til konsesjonspliktig eigedom gir samsvar mellom odelslova og konsesjonslova. Dette forenkler forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar. Saker vedrørende spørsmål om odlingsjord vil vert færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil møte mindre motstand i regelverket fordi det vert klarare.

- Det innførast buplikt i kommunen ved overtaking av reine utmarkseigedommar over 7500 daa



- Forslaget om at det blir eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord gjev forenkla og meir forutsigbar forvaltningspraksis. Det vil i mindre grad førekome ulik praksis og ulik handsaming.
- Omsynet til landbruksnæringa og vernet om landbruksressursar på lang sikt vert i større grad ivareteke av at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift". Dette vil samstundes styrke busettinga i distrikta.
- Buplikta framstår i større grad som reell, og busettingsomsynet vert i større grad ivareteke gjennom at:
 1. Den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at tilgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
 2. Det gjevast nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
 3. Buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busatt på eigedomen eller i kommunen (gjeld reine utmarks- eller skogeigedomar).
 4. Slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.

Punkt. 3 styrker kontrollmoglegheten om at buplikta oppfylles betrakteleg.

Ål kommunestyre vurderer dei føreslåtte endringar i regelverket som tenlege og naudsynte. Lovverket i sin nye form vil truleg styrke busettinga i distrikta og støtte opp om dei langsiktige landbruksinteressene. Samstundes bør endringane føre til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som handsamast etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens når det er klare arealgrenser.

Med helsing

Marit Torsrud Nerol
Jordbruksforvalter

Kopi til:
Sakshandsamar for orientering/oppfølging

Vedlegg:

Ål kommune

SAMLA SAKSFRAMLEGG

MØTEBOK

Arkivsak: 08/286

HØYRING- ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN, JORDLOVEN, BU OG DRIVEPLIKT

Sakshands.:	Marit Torsrud Nerol	Arkivkode:	V60 &13
Saksnr.:	Utval		Møtedato
29/08	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs		22.04.2008
41/08	Kommunestyret		15.05.2008

HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA, JORDLOVA OG FØRESEGNER OM BU OG DRIVEPLIKT M.M.

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Høringsnotat om *Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.*

Likeverd mellom arealgrenser etter avkastning - utrekning

Dokument i saka:

Brev av 05.02.2008 *Høring – Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.*

Høringsnotat om *Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.*

Likeverd mellom arealgrenser etter avkastning - utrekning

Saksopplysningar:

Rådmannen syner til brev 05.02.2008 *Høring – Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.* samt Høringsnotat om *Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.*

Høringsfristen er 5.mai 2008, men etter telefonsamtale med Ingerid Aasen i Landbruks- og matdepartementet har kommunane i Hallingdal fått 14 dagar utsett frist.

Landbruks- og matdepartementet ber om synspunkt på forslaga til endringar som er lagt fram i høyringsnotatet 05.02.2008. Departementet ber i tillegg kommunane vurdere om det bør innførast buplikt i kommunen ved overtaking av utmarkseigedom.

Endringane påverkar i hovudsak føresegnene om bu- og driveplikt. Høringsnotatet omfattar også tiltak der formålet er å forenkle og å målrette regelverket.

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- *At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.*
- *At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.*
- *At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag.*
- *At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.*
- *At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".*
- *At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene.*
- *At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.*
- *At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.*
- *At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.*
- *At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.*

Arealkrav i dag

På eideommar over 100 daa eller der meir enn 20 daa er fulldyrka (konsesjonslova) eller 20 jordbruksareal (odelslova) er det krav om bu- og driveplikt. Fritak kan innvilgast der det søkjast om dette. Kvar søknad må handsamast konkret og individuelt. Ingen har krav på fritak.

Innhaldet i kva som er jordbruksareal er forskjellig i odelslova og konsesjonslova.

I konsesjonslova er det 20 daa fulldyrka areal.

I odelslova definerast jordbruksareal som fulldyrka, overflatedyrka og gjødsla beite.

Etter departementets syn bør begrepet "jordbruksareal" i odelslova endrast og erstattast med begrepa "fulldyrka og overflatedyrka jord".

Forhold til overordna plan:

Kommuneplanen

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen negative for kommunen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen negative for kommunen

Vurdering:

Felles for Hallingdal

Høyringsnotatet vart drøfta på eit jordbruksmøte 01. 04. 2008 der fagpersonar som arbeidar med landbruk i Hallingdal og Øvre Numedal var samla. Me vart samla om eit felles oppsett med like arealgrenser.

Enklare

Forslaget til endringane som er lagt fram gjennom høyringsnotatet har som mål å gjera regelverket enklare og meir målretta. Erfaringsmessig er det behov for større klarsyn og likheit i og mellom dei aktuelle lovene. Endringane vurderast dermed som føremålstenlege sett i høve til hovudmålet om forutsigbarhet.

Etter dei føreslåtte endringane med klare arealgrenser vil det vera meir klart om det er buplikt eller ikkje på ein eigedom.

Overføring av føresegnene om buplikt frå odelslov til konsesjonslov fører til eit meir oversiktleg og forutsigbart regelverk.

Overføringa av føresegna om driveplikt frå odels- og konsesjonslova til jordlova vurderst som eit systematisk og logisk grep. Driveplikta er nærare knytta opp mot jordlovas formålsparagraf enn føremålsparagrafane i dei andre lovene.

Endringane i definisjonen av ein odelseigedom, både med omsyn til arealgrenser og paragrafen sin ordlyd, vil redusere forvirring rundt kva som er ein landbrukseigedom. Samsvar mellom konsesjonslova og odelslova forenkler forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar. Saker vedrørande spørsmål om odlingsjord vil verte færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil og verte enklare fordi regelverket blir meir klart.

Ei aukning av arealgrensa for konsesjonspliktig overtaking vil medføre ei tilsvarande auking i omsetninga av mindre landbruksarealer/ eigedomar til bustad og fritidsføremål. Mindre landbrukseigedomar som omsetjast til fritids- eller bustadføremål vil kunne bryte opp samanhengande landbruksareal og medføre driftsulemper. Dette kan skje både ved at eigedomen nyttast til anna føremål og har større verdi omsett som fritidseigedom, og ved at eigedomen utelukkar effektiv samanslåing av omkringliggande landbrukseigedomar. Ustrukturerte arealdisponeringar innanfor same område, der fragmentert arealbruk dannar en mosaikk av ulike arealføremål, har erfaringsmessig ført til attgroing. Jordbruksdrift i mellom bustadområde viser seg ofte å være konfliktfylt og lite teneleg.

I februar 2006 skreiv miljøvernministeren og landbruks- og matministeren brev til kommunene om det langsiktige ansvaret i å ta vare på våre moglegheiter for å dyrke mat – og oppretthalde verdifullt landskap for framtida. Det vart definert eit mål om å redusere tapet av verdifulle jordressursar med 50 prosent innan 2010. Sett i samanheng med denne målsettinga må følgjande bemerkaast:

Resonnementet bak målsettinga om å halvere nedbygginga av jordbruksareal er ikkje i samsvar med den føreslåtte aukinga i arealgrenser for konsesjonsfri overtaking.

Det verkar motsridande og oppfordre til halvert nedbygging av jordbruksareal, dersom eit tilsvarende eller større areal omsettest til bustad og fritidsføremål etter departementets eigen arealjustering for konsesjonsfri overtaking.

Eller for å sitere landbruksministeren: *Vern av jordressursene er på lang sikt et spørsmål om matvaresikkerhet. Et paradoks, og en stor utfordring, er at den alternative verdien til å dyrke mat – nemlig salg – er høyest i de områdene hvor landets beste jordbruksarealer ligger.*

Arealgrenser:

Omsynet til buplikt har vorte vektlagt ved det regelverket som no er for buplikt. Det må også vera eit sentralt mål for revideringa. Derfor bør arealgrensa på 20 daa dyrka mark vera som i dag.

I forslaget frå departementet er tilhøvet mellom dyrka mark og produktiv skog sett til 25 daa/ 350 daa. Dersom ein ser på dette tilhøvet med utrekning i avkastning er det ikkje likeverdig. I vedlegget til saka har jordbrukssjefen i Rollag sett opp ei samanlikning. For å få dei to arealgrensene meir rimeleg likeverdige føreslår rådmannen at arealgrensa for produktiv skog senkast. til 200 daa.

Dei alle fleste utmarkseigedommane er knytta til gardsbruk. Departementet ber Ål kommune vurdere om det skal innførast buplikt på reine utmarkseigedommar Kor mange reine utmarkseigedommar av ein viss storleik Ål har kjenner me ikkje til. Det er ikkje mange. Kor stor avkastninga er frå ein utmarkseigedom vil variere mykje. 7500 daa vil stå nokon lunde i samsvar med 200 daa skog som vedlagt rekneeksempel syner. Rådmannen tykkjer det er fornuftig med buplikt på reine utmarkseigedommar utan produktiv skog av ein viss storleik. Det er i dag buplikt på reine skogeigedommar. Då er kravet at eigar må busetja seg i kommunen. Det same vil vera aktuelt for reine utmarkseigedommar. Grunnen er at ved å bu i kommunen får eigar av ein rein utmarkseigedom meir i nærleik til omgjevnadene. Det blir lettare å delta på møter for grunneigarar der forskjellige spørsmål vedrørande fjellet blir teke opp. Rådmannen trur at samarbeidet mellom grunneigarane for felles forståing og forvaltning av utmarka vil gå lettare når eigar bur i kommunen.

For å oppnå samsvar mellom odels-, jord- og konsesjonslov føreslår rådmannen at:

- Kravet til odelsjord er 20 daa dyrka mark eller 200 daa produktiv skog.
- Buplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog og konsesjonsplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark.
- Det er krav om buplikt til utmarkseigedommar over 7500 daa

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre gir følgjande uttale til Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:

- Kommunestyret støttar forslaget om at føresegnene om buplikt etter odelslova i hovudsak flyttast til konsesjonslova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.

Kommunestyret meiner at buplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog og konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av

bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensene settast og til 20 daa dyrka mark og 200 daa produktiv skog for odelsjord.

Arealgrensa for konsesjonsfri overtaking bør ikkje aukast ytterlegare, då bruk under denne arealgrensa samla sett utgjør store areal. Ei ytterlegare auke av arealgrensene vil avgrense omsetninga og tilgjenge av tilleggsareal. Det landbrukspolitiske målet om bruksrasjonalisering forutset at mindre landbruksareal vert overdrege til aktive bruk.

Forslaget om at kravet til odlingsjord vert likelydande kravet til konsesjonspliktig eigedom gir samsvar mellom odelslova og konsesjonslova. Dette forenkler forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar. Saker vedrørande spørsmål om odlingsjord vil vert færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil møte mindre motstand i regelverket fordi det vert klarare.

- Det innførast buplikt i kommunen ved overtaking av reine utmarkseigedommar over 7500 daa
- Forslaget om at det blir eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord gjev forenkla og meir forutsigbar forvaltningspraksis. Det vil i mindre grad førekome ulik praksis og ulik handsaming.
- Omsynet til landbruksnæringa og vernet om landbruksressursar på lang sikt vert i større grad ivareteke av at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift". Dette vil samstundes styrke busettinga i distrikta.
- Buplikta framstår i større grad som reell, og busettingsomsynet vert i større grad ivareteke gjennom at:
 1. Den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at tilgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
 2. Det gjevast nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
 3. Buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busatt på eigedomen.
 4. Slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.

Punkt. 3 styrker kontrollmoglegheten om at buplikta oppfylles betrakteleg.

Kommunestyret vurderer dei føreslåtte endringar i regelverket som tenlege og naudsynte. Lovverket i sin nye form vil truleg styrke busettinga i distrikta og støtte opp om dei langsiktige landbruksinteressene. Samstundes bør endringane føre til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som handsamast etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens når det er klare arealgrenser.

Utviklingsavdelinga, 10.04.2008

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Marit Torsrud Nerol
Jordbruksforvaltar

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 22.04.2008, saksnr. 29/08

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes tilrådd med følgjande omforeinte tillegg til pkt 3:
...eller i kommunen (gjeld reine utmarks- eller skogeigedomar).

Følgjande framlegg frå Knut Haug (H) fekk ei røyst (1):

Det vert ved denne endringa av konsesjonslova, odelslova og jordlova lagt opp til endå strengare buplikt. Det er innlysande at ingen kan leva av så små bruk som det vert kravd buplikt for. Det må difor vera eit tilsvarande krav til det offentlege at dei er pliktige til å skaffe varig arbeid i nærområdet til dei som ikkje vert fritakne for buplikta.

Vedtak:

STNR ber administrasjonen finne ut kor mange eigedomar i Ål som har mellom 20 og 25 daa dyrka mark og tilrår kommunestyret å gera slikt vedtak:

STNR si innstilling til kommunestyret:

Ål kommunestyre gir følgjande uttale til Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:

- Ål kommunestyre støttar forslaget om at føresegnene om buplikt etter odelslova i hovudsak flyttast til konsesjonslova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.

Ål kommunestyre meiner at buplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog og konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensene settast og til 20 daa dyrka mark og 200 daa produktiv skog for odelsjord.

Arealgrensa for konsesjonsfri overtaking bør ikkje aukast ytterlegare, då bruk under denne arealgrensa samla sett utgjør store areal. Ei ytterlegare auke av arealgrensene vil avgrense omsetninga og tilgjenge av tilleggsareal. Det landbrukspolitiske målet om bruksrasjonalisering forutset at mindre landbruksareal vert overdrege til aktive bruk.

Forslaget om at kravet til odlingsjord vert likelydande kravet til konsesjonspliktig eigedom gir samsvar mellom odelslova og konsesjonslova. Dette forenkler forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar. Saker vedrørande spørsmål om odlingsjord vil vert færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil møte mindre motstand i regelverket fordi det vert klarare.

- Det innførast buplikt i kommunen ved overtaking av reine utmarkseigedommar over 7500 daa
- Forslaget om at det blir eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord gjev forenkla og meir forutsigbar forvaltningspraksis. Det vil i mindre grad førekome ulik praksis og ulik handsaming.
- Omsynet til landbruksnæringa og vernet om landbruksressursar på lang sikt vert i større grad ivareteke av at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering

av om eiegenen er ein ”jord- og skogbrukseiegen” eller ”kan nyttast til landbruksdrift”. Dette vil samstundes styrke busettinga i distrikta.

- Buplikta framstår i større grad som reell, og busettingsomsynet vert i større grad ivareteke gjennom at:
 1. Den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at tilgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
 2. Det gjevast nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
 3. Buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busatt på eiegenen eller i kommunen (gjeld reine utmarks- eller skogeiegenomar).
 4. Slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.

Punkt. 3 styrker kontrollmoglegheiten om at buplikta oppfylles betrakteleg.

Ål kommunestyre vurderer dei føreslåtte endringar i regelverket som tenlege og naudsynte. Lovverket i sin nye form vil truleg styrke busettinga i distrikta og støtte opp om dei langsiktige landbruksinteressene. Samstundes bør endringane føre til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som handsamast etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens når det er klare arealgrenser.

Kommunestyret handsama saka den 15.05.2008, saksnr. 41/08

Handsaming:

*

Birger Jorde (Kfr) gjorde framlegg om følgjande ny høyringsuttale:

Ål kommune vil gje følgjande uttale om føreslegne endringar i odelsglova, konsesjonsglova, Jordlova og føresenger om bu- og driveplikta m.m.

1. *Ål kommunestyre kan ikkje støtte hovudlinene i høyringsframlegget fordi desse
Legg opp til ei kraftig skjerping av bu- og driveplikta som ikkje kan aksepterast.*
2. *Ål kommunestyre meiner at det ikkje skal innførast buplikt ved erverv av
Utmarkseiegen.*
3. *Ål kommunestyre støttar dei arealgrensene som høyringsframlegget legg opp til.*

Framlegget fekk 7 røyster (2Frp, 4H og 1Krf)

Formannskapet si innstilling vart vedteke med 18 mot 7 røyster.

Vedtak:

Ål kommunestyre gir følgjande uttale til Høyringsnotat om Endringer i odelsgloven, konsesjonsgloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:

- Ål kommunestyre støttar forslaget om at føresegnene om buplikt etter odelsglova i hovudsak flyttast til konsesjonsglova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonsglova og odelsglova flyttast til jordlova.

Ål kommunestyre meiner at buplikt skal oppstå ved overtaking av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog og konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensene settast og til 20 daa dyrka mark og 200 daa produktiv skog for odelsjord.

Arealgrensa for konsesjonsfri overtaking bør ikkje aukast ytterlegare, då bruk under denne arealgrensa samla sett utgjer store areal. Ei ytterlegare auke av arealgrensene vil avgrense omsetninga og tilgjenget av tilleggsareal. Det landbrukspolitiske målet om bruksrasjonalisering forutset at mindre landbruksareal vert overdrege til aktive bruk.

Forslaget om at kravet til odlingsjord vert likelydande kravet til konsesjonspliktig eigedom gir samsvar mellom odelslova og konsesjonslova. Dette forenkla forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar. Saker vedrørande spørsmål om odlingsjord vil vert færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil møte mindre motstand i regelverket fordi det vert klarare.

- Det innførast buplikt i kommunen ved overtaking av reine utmarkseigedommar over 7500 daa
- Forslaget om at det blir eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord gjev forenkla og meir forutsigbar forvaltningspraksis. Det vil i mindre grad førekome ulik praksis og ulik handsaming.
- Omsynet til landbruksnæringa og vernet om landbruksressursar på lang sikt vert i større grad ivareteke av at det verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift". Dette vil samstundes styrke busettinga i distrikta.
- Buplikta framstår i større grad som reell, og busettingsomsynet vert i større grad ivareteke gjennom at:
 1. Den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at tilgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
 2. Det gjevast nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
 3. Buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busatt på eigedomen eller i kommunen (gjeld reine utmarks- eller skogeigedomar).
 4. Slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.

Punkt. 3 styrker kontrollmoglegheiten om at buplikta oppfylles betrakteleg.

Ål kommunestyre vurderer dei føreslåtte endringar i regelverket som tenlege og naudsynte. Lovverket i sin nye form vil truleg styrke busettinga i distrikta og støtte opp om dei langsiktige landbruksinteressene. Samstundes bør endringane føre til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som handsamast etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens når det er klare arealgrenser.

Kategori	Forutsetninger	Kr	Årlig netto pr dekar
Jord	Produksjonsinntekter	Avlingsnivå: 400 kg bygg, kornpris 1,81 kr pr kg AK tilskudd- laveste sats korrigert for bunnfradrag	724
			341
	Produksjonskostnader	Variable	-290
		Faste: maskiner/ redskaper	-280
		Arbeid 3 t	-350
	Sum		145
Skog	Produksjonsinntekter	Tilvekst 0,34 m3 pr år. Pris 350 kr / m3	119
	Variable/ faste kostn	170 kr/ m3	-60
	Sum		60
Utmark	Årlig netto pr dekar for jakt/ fiske		2

Avkastning ved ulike arealgrenser						
	Jord		Skog		Utmark	
Årlig avkastning pr dekar	145		60		2	
Ulike arealgrense i dekar	20	25	200	350	6000	10000
Total avkastning	2900	3625	12000	21000	12000	20000

Konklusjon:

Det legges til grunn at forholdet mellom skog og utmark bør være rimelig likeverdig. Ved utgangspunkt i 20-25 dekar jord må arealgrensen for skog senkes.